



UHØYRDE STEMMER: Onsdag opnar den nasjonale utstillinga "Uhørte stemmer og glemte steder" på Vestnorsk utvandringscenter på Sletta. Utstillinga får fram stemmene til menneske som aldri før har hatt nokon sentral plass i norsk offentlegheit. (Foto: Vilhelm Feyling/Dalane Folkemuseum)

Viktig historie frå uhøyrde stemmer

Utstilling på utvandringscenteret

RADØY: Dei psykisk utviklingshemma har ikkje hatt nokon sentral plass i det offentlege rom. Vestnorsk Utvandringscenter opnar neste veke ei utstilling som fortel ei viktig historie.

ARTHUR KLEIVELAND
arthur@nordhordland.no

Utvandringscenteret på Sletta viser den nasjonale vandrestillinga "Uhørte stemmer og glemte steder". Utstillinga, som opnar onsdag, tek for seg forteljingar frå dei psykisk utviklingshemma si historie.

Supergruppa blir med

Stortingsrepresentant Jette F. Christensen opnar utstillinga. Supergruppa frå Radøy opptre, og forfattar Halvor Fjermeros, som har skrive boka "Åndssvak!" held foredrag om dei utviklingshemma si historie. Eli Grindheim stiller ut si forteljing og bilde.

I årevis på institusjon

På 1900-talet vart mange tuse nordmenn plasserte på institusjonar med samlediagnosar som «åndssvak» og «psykisk utviklingshemma». Mange budde der i fleire år. Dei var ofte plasserte langt vekk frå familie og vener.

Rører ved ei nær historie

Gjennom HVPU-reforma og nedbygging av sentralinstitusjonane, fekk menneske på og rundt desse institusjonane andre måtar å bu på, andre moglegheiter for livsutfalding – og andre utfor-



AKTUELT TEMA: –Utstillinga rører ved den nære historia vår, samtidig som det er eit dagsaktuelt tema, seier Åshild Sunde Feyling Thorsen, prosjektmedarbeidar ved Vestnorsk utvandringscenter. Her eit bildet som truleg er frå Sommarirettsleikane på Emma Hjorth i 1974. (Foto: Emma Hjorth Museums arkiv)

dringar.

– Hovudfokus for utstillinga er personar med psykisk utviklingshemming, men den fortel òg mykje om korleis storsamfunnet har møtt det som er litt annleis. Utstillinga rører ved den nære historia vår, samtidig som det er eit dagsaktuelt tema, seier Åshild Sunde Feyling Thorsen, prosjektmedarbeidar ved Vestnorsk utvandringscenter.

Møte mellom menneske

– Vi er veldig glade for endeleg å ha fått denne utstillinga til Sletta, seier avdelingsleiar ved utvandringscenteret Ida Dyrkorn Heierland.


–Sjølvi om utstillinga ikkje handlar direkte om migrasjon eller Amerika, handlar ho om møte mellom menneske, og det er

eit tema som går att her på utvandringscenteret. Radøy har jo òg ei spennande omsorgshistorie knytt til privatpleia som var utbreidd her.

Gjennom film, fotografi og korte tekstar fortel ei rekkje menneske med utviklingshemming, pårørende til personar med utviklingshemmingar, eller tilsette ved institusjonar – om institusjonsliv i tidlegare tidar og i frå samtida.

Vestlandsheimen

Prosjektet "Uhørte stemmer og glemte steder" er eit banebrytande nasjonalt innsamlings- og formidlingsprosjekt. I utstillinga kan folk lære meir om Vestlandsheimen i Åsane, som vart bygd som sentralinstitusjon og hadde på det meste rundt 400 bebuarar.



RØP IKKJE MORDAREN: –Dei som har levd så lenge at dei hugsar oppsettjunga frå 1992, ikkje røp kven mordaren er! Og kven veit, kanskje har vi skrive inn ein annan mordar, her finns motiv i massevis, så det så, seier Anne Rose Westervik i revygruppa.

Meir kriminelt frå Gjersinghagen

"Mordet i Gjersinghagen" – eit heimelaga spelstykke frå 1992, er no oppstått frå dei døde og klar til å visast fram igjen.

Sidsel Styve skreiv dette stykket i 1992, og no, 20 år etter, har instruktør Lars Sørhus og revygruppa bokstaveleg tala sprita det litt oppatt med fleire roller, og fleire humorfylte detaljar.

"Mordet i Gjersinghagen" er ein herleg kriminalkomedie om ein bymann, Bertilsen, som blir funnen død i den litt skumle, mørke Gjersinghagen, under dei store kastanjetre. Mordet skjer same natta som det har vore bryggedans og sommarkveld på kaien. Same natt brenn også meieriet ned til grunnen. Og ikkje no

med det, den nyleg påbegynte Salhusbrua (dette var i 1992!) er blitt sprengt berre nokre dagar før. Tilfeldig, eller?

Den myrda bymannen er litt av ein type, forretningsmann og bajas, og ute etter nye damebe-kjentskap heile tida.

Bygdefolket møter opp på butikken, samlingsplassen i bygda, og snakkar om dette ufy-selege som har skjedd. Mange av dei kan ha motiv for å myrda mannen.

I 1992, då hendinga føregår, hadde bygda postkontor, BNR-bussane kjørte gamlevegen der folk budde og mobiltelefonane var store som mursteinar. Det er premiere lørdag 8.september, og framsyningar både 9.-, 13. og 14.september.



STØLSTUR: Nordhordland Turlag inviterer på stølstur til Eksingedalen – med smak av kortreist mat.

På tur med kortreist mat

Nordhordland turlag inviterer til stølstur i Eksingedalen 9.september.

Turen startar frå Haugen og etter ein halv time kjem følgjet til Lavikstølen i Fagerdalen. Her vert det pause, med ein smak av lokalprodusert mat, i tillegg til eiga niste.

Her får turfolket høyra om særtrane i Fagerdalen og den siste bjørnejakta her i 1881. Det høgste punktet på turen er om lag 860 moh, og er det klårt ver, kan ein sjå både Lønahorgi, Kvitanoi og Nonhaugen.

Vidare går turen forbi Nipevatnet på 842 moh, før turen går ned mot Muradalen. Her kan ein studera ulike bergartar, der det såkalla Bergsdalsdekket går over i Det nordvestre gneisom-

rådet. Så her er litt av kvart å sjå for dei som er interesserte. Turen går vidare forbi murane i Muradalen og så ned mot Flatekvalstølen. Her ligg nokre flotte steintrapper. Mange har undra seg på kven soom bygde dei- og kvifor bygde dei murar i Muradalen?

Frå Flatekvalstølen og ned til veggen tar det ein halvtimes tid å gå.

Det er Grete Haugen i www.guiding-eksingedalen.no som har opplegget for turen. Dei tilbyr ulike opplegg der dei syner fram Eksingedalen på ulike vis.

– Som kontaktperson her i Nordhordland, håpar eg mange har lyst å vera med på stølstur i september, seier Øyvor Larsen.